

Noregs vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091
Majorstuen
0301 Oslo

Bergen/Stavanger, 21.6.2021

Fråsegn frå Naturvernforbundet sine fylkeslag i Hordaland og Rogaland om landstraumanlegg NOA / Krafla, saksnummer 202106086

Me viser til melding med forslag til utgreiingsprogram frå Equinor, Aker BP og LOTOS Exploration and Production Noreg for kraft frå land til elektrifisering av dei planlagde oljefelta Nord for Alvheim (NOA), Fulla og Krafla i Nordsjøen. Equinor og Aker BP anslår at det kan utvinnast 500 millionar fat oljeekvivalentar frå dei planlagde oljefelta Krafla, NOA og Fulla¹. Til å driva oljeinstallasjonane ynskjer dei å nytta fornyeleg kraft frå land, og har meldt tre ulike traséalternativ. I det første alternativet melder Aker BP og Equinor ein separat transformatorstasjon ved sida av eksisterande på Kollsnes, og ein ca. 140 km lang sjøkabel ut til oljefelta. I det andre alternativet melder dei ei luftkraftlinje frå Samnanger transformatorstasjon til ein ny stasjon ved Barmen utanfor Tysse. Derifrå vil ein leggja sjøkablane anten direkte til oljefelta, eller via ein mellomstasjon på Leirpollneset i Fitjar kommune. Det tredje alternativet går frå Gismarvik transformatorstasjon i Tysvær kommune til ein ny transformatorstasjon på Nordvik på Utsira eller Sjøvika på Karmøy. Det er meldt fleire ulike alternativ frå Gismarvik til desse stasjonane. Dei planlagde plattformane vil ved elektrifisering med kraft frå land utløysa eit effektbehov på 40 MW i 2026, med ei gradvis opptrapping til 140 MW i 2029.

Nye oljefelt strir mot klimamåla

Brenning av ein halv milliard oljefat frå Krafla, NOA og Fulla oljefelt vil bidra til nye globale utslepp av 215 millionar tonn CO₂², som svarar til 4,3 gonger Noreg sine samla CO₂-utslepp i 2020³. Energien som krevst for å driva produksjonen i Nordsjøen utgjer berre 2% av utsleppa frå olja i eit livsløpsperspektiv⁴, så å drifta olje- og gassplattformane med fornyeleg kraft har ingen innverknad på utsleppa frå dei 98 resterande prosentane av olja som vert eksportert. Om elektrifisering av sokkelen i det heile tatt har nokon klimagevinst er høgst usikkert, det vedgjekk også Olje- og energidepartementet i 2020⁵. Eit nytt oljefelt er uansett ikkje godt nytt for klimaet, og elektrifisering av fossilindustrien er ikkje ei klok og framtidretta prioritering av fornyeleg straum.

Nye oljefelt vil ha ei levetid på fleire tiår, så utvinning av 500 millionar oljefat frå Krafla / NOA vil vera stikk i strid med den avgjerande satsinga me treng dette tiåret for å fasa ut fossil energi, slik at me kan ha håp om å unngå dei farlegaste klimaendringane. Å i tillegg bruka store mengder fornyeleg kraft frå land til å drifta oljeutvinninga er feilslått klimapolitikk, og vil gje fossilindustrien høve til å skilta seg med «rein» oljeproduksjon når det me burde gjera, er å laga ein plan for utfasing av fossilindustrien innan 2040. Ein studie publisert i tidsskriftet Climate Policy i 2020, konkluderte også med at Noreg er det landet i verda som er best rusta til å starta utfasinga av oljeproduksjonen⁶, og FN's miljøprogram har signalisert det same⁷.

For å bidra til oppnåinga av 1,5 gradersmålet, oppmodar Naturvernforbundet på det sterkaste om å skrinlegga planane om ny oljeproduksjon på NOA, Fulla og Krafla, og trekka tilbake lisensen.

¹ <https://www.equinor.com/no/news/2020-06-11-krafla-fulla-north-alvheim.html>

² <https://www.epa.gov/energy/greenhouse-gases-equivalencies-calculator-calculations-and-references>

³ <https://www.ssb.no/natur-og-miljo/forurensning-og-klima/statistikk/utslipp-til-luft>

⁴ https://www.ssb.no/en/forskning/discussion-papers/_attachment/225118?ts=14de17b6918

⁵ <https://www.aftenposten.no/norge/politikk/i/YRRgmx/olje-og-energidepartementet-om-elektrifisering-av-norsk-sokkel-dyrt>

⁶ <https://www.tandfonline.com/doi/10.1080/14693062.2020.1763900>

⁷ <http://productiongap.org/wp-content/uploads/2019/11/Production-Gap-Report-2019.pdf>

Kor mykje kraftbruk utløyser elektrifisering av NOA / Krafla?

Me kan ikkje sjå at det går fram av meldinga kor mykje kraft elektrifiseringa av NOA / Krafla vil krevja årleg, berre effektbehovet. For å seia noko om kva ringverknadar elektrifiseringa av oljefelta vil kunna ha for energiomstillinga på land, må me sjå kva den faktiske kraftbruken vil kunna bli, då effektbehovet (MW) berre seier noko om maksimal last på kabelen/linja. Om me legg til grunn at oljefelta vil ha ei brukstid på 5000 timar i året (dette kan variera avhengig av kor jamn produksjonen er), får me følgjande estimat for straumbruk i 2026 og 2029:

- **2026: 200 GWh/0,2 TWh i året⁸**
Svarar til: Den årlege straumbruken til 12 500 husstandar⁹
- **2029: 700 GWh/0,7 TWh i året¹⁰**
Svarar til: Den årlege straumbruken til 43 750 husstandar⁹

Med ei brukstid på 5000 timar i året vil elektrifiseringa av NOA / Krafla i 2026 utløysa eit straumbehov som er større enn forbruket til alle heimane på Askøy¹¹, og i 2029 vil det vera snakk om 3,5 gonger meir, heile 0,7 TWh i året. Til samanlikning har Drammen by eit straumforbruk på om lag 1 TWh¹² i året. Desse tala viser at kraftbehovet til NOA/Krafla er gigantisk, og vil sluka enorme mengder kraft som i staden må prioriterast til reell klimaomstilling på land.

Fornyeleg kraft er ein knapp ressurs: Klima, natur og prioritering av kraft

Vårt primærstandpunkt er som nemnt at planane om dei nye oljefelta vert skrinlagt. Om dei likevel vert realisert, er Naturvernforbundet uansett imot å nytta kraft frå land til å forsyna oljefelta. Dette er det fleire grunnar til. For det første er ikkje energi ein utømmeleg ressurs sjølv om den er produsert med fornyelege vatn-, vind-, og solressursar. Den er likevel ressurskrevjande, og ikkje minst arealkrevjande. På grunn av bit-for-bit-nedbygginga av naturen er artsmangfaldet truga¹³ og natur har blitt ein knapp ressurs. Me må ta vare på naturen som er igjen og i tillegg restaurera mykje av det me har øydelagt, både for å bremsa klimaendringane og for å stoppa den like akutte og alvorlege kollapsen i artsmangfaldet. Vindkraftutbygginga i Noreg har dei siste åra vist oss kor øydeleggjande fornyeleg energiproduksjon kan vera når det vert gjort på feil måte. Det aller viktigaste me kan gjera, er å erkjenne at også fornyeleg energi er ein knapp ressurs som me må nytta på den smartaste og mest effektive måten.

Statnett argumenterer for at Samnanger kan vera eit godt tilkoplingspunkt for NOA / Krafla¹⁴, fordi det er rikeleg med kraft der. Det får det til å høyrast ut som at det er eit overskot av kraft som ligg og ventar på å verta nytta til noko. Dette er ikkje tilfelle. Sjølv om me produserer meir straum på Vestlandet enn me nyttar sjølve, er det ikkje slik at den fornyelege krafta ikkje allereie vert nytta til ulike føremål andre stader. Når fleire hundre GWh fornyeleg straum skal sendast frå land og ut til NOA / Krafla, betyr det at denne straumen må takast frå ein plass. I neste omgang utløyser dette krav om meir straumproduksjon og overføringslinjer som med dagens praksis gjer store inngrep i den naturen som det som nemnt er kritisk at me tek vare på, av omsyn til både klima og biologisk mangfald.

Elektrifiseringa av NOA / Krafla må også sjåast i samanheng med Equinor sitt ynskje om å nytta totalt

⁸ 40 MW x 5000 brukstimar = 200 000 MWh (200 GWh / 0,2 TWh)

⁹ Ifølgje siste måling frå SSB bruker eit gjennomsnittleg hushald i Noreg 16 000 kWh i året: <https://www.ssb.no/energi-og-industri/artikler-og-publikasjoner/vi-bruker-mindre-strom-hjemme>

¹⁰ 140 MW x 5000 brukstimar = 700 000 MWh (700 GWh / 0,2 TWh)

¹¹ <https://www.ssb.no/kommunefakta/askoy>

¹² <https://kommunekraft.no/Kommunekraft/Om-Kommunekraft/Sentrale-begreper/KWh-GWh-og-TWh>

¹³ <https://www.aftenposten.no/norge/i/RRo7zx/slik-mener-forskerne-at-naturdoeden-kan-ramme-norge-hver-femte-norske>

¹⁴ <https://e24.no/det-groenne-skiftet/i/86O5vW/flyttar-tilkopling-for-oljeplattformer-til-samnanger-meir-kraft-til-industri-paa-land>

10-12 TWh til elektrifisering av olje- og gassinstallasjonane fram mot 2030, som svarar til over 30% meir enn Oslo sitt årlege straumforbruk. På lenger sikt kan det vera snakk om ein endå høgare straumbruk, og Equinor anslår ein prislapp på 50 milliardar kroner¹⁵. Det vil vera enorme investeringar i ein industri som må fasast ut for å nå klimamåla, og det vil tillegg verta brukt for å legitimera vidare olje- og gassproduksjon. I tillegg vil 10% av krafta gå tapt berre i overføringskablane ut til oljefelta¹⁶. Bruk av fornyeleg energi til drift av fossil industri oppfyller heller ikkje EU sine krav til berekraft i den nye taksonomien.

Det er all grunn til å venta at det enorme straumbehovet elektrifisering av sokkelen vil utløysa, vil ha store, negative ringverknadar for naturen, som igjen vil ha ringverknadar for klimaet. FNs klimapanel (IPCC) sin spesialrapport om 1,5 graders temperaturstiging viser tydeleg at dersom dei globale klimagassutsleppa ikkje nærmast stupar frå 2020, så vil det krevja store, negative utslepp om nokre tiår¹⁷ – altså at klimagassar må trekkast ut av atmosfæren og lagrast permanent. Det er i høgste grad usikkert om dette vil vera teknisk og politisk mogleg å gjennomføra. Vårt største, mest effektive og avanserte karbonfangst- og lagringssystem, er naturen. Ein rapport frå Norsk Institutt for Naturforskning (NINA, 2020) estimerte at det er lagra 7 milliardar tonn karbon i norsk natur¹⁸. Til samanlikning var dei globale CO₂-utsleppa 34 milliardar tonn i 2020¹⁹. Likevel øydelegg me naturen i høgt tempo, bit for bit, i Noreg som i resten av verda. FN har slått fast at berre med sunne økosystem kan me motverka klimaendringane og stoppa kollapsen i det biologiske mangfaldet²⁰, og har kunngjort at 2021-2030 skal vera tiåret for naturrestaurering. Elektrifisering av sokkelen vil krevja så mykje energi at det vil verta mangel på kraft til utfasing av fossilt på land. I neste omgang vil det etter alt å døma utløysa krav om store, nye utbyggingar på i naturen i form av vind- og vasskraft. Stadig nye inngrep i naturen trugar både det biologiske mangfaldet og naturen si rolle som karbonlager, så også av denne grunnen er elektrifisering av sokkelen ein dårleg idé for både natur og klima.

Overgangen til eit berekraftig samfunn med eit stabilt klima og ein robust og mangfaldig natur, krev djuptgripande endringar i haldningane våre til naturen, energi og ressursar. Me må forkasta tankegangen om at me har uendeleg av natur å bygga ned, at tilgangen på energi nærmast er utømmeleg så lenge den er produsert ved hjelp av vatn, sol og vind, og at me kan halda fram å auka forbruket av klodens ressursar til evig tid.

Den fornyelege krafta må prioriterast strengt til framtidsetta føremål som utan tvil bidreg til å fasa ut fossil energi på den mest mogleg effektive måten, og som også kan medverka til å skapa fornyelege arbeidsplassar og miljøteknologi. Jo lenger me ventar med å trappa ned og fasa ut fossilindustrien, jo tøffare og bråare vil overgangen verta. Skal me klara omstillinga til eit berekraftig samfunn, må me aktivt jobba for eit lågare og meir effektivt energiforbruk i alle delar av samfunnet. Me må erkjenne at me ikkje har nok fornyeleg kraft til alle slags føremål, og då må me prioritera. Naturvernforbundet gav i 2019 ut rapporten Fossilfritt Noreg som viser at det er mogleg å fasa ut den fossile energien i 2040 og samtidig ta vare på naturen²¹. Ei storstilt satsing på energisparing og -effektivisering er eit viktig premiss for dette, og eit anna avgjerande premiss er at den fornyelege krafta ikkje vert nytta til å elektrifisera sokkelen.

¹⁵ <https://e24.no/olje-og-energi/i/MR285K/vil-investere-50-milliarder-paa-10-aar-for-aa-naa-klimamaalet-utslippsversting-kan-bli-fullelektrisk>

¹⁶ <https://www.norskoljeoggass.no/contentassets/9143521063fb4358b5e82efecaf87a65/alternativ-kraft-til-norsk-sokkel.pdf>

¹⁷ <https://www.ipcc.ch/sr15/>

¹⁸ <https://brage.nina.no/nina-xmliui/handle/11250/2655582>

¹⁹ <https://www.tu.no/artikler/verdens-co2-utslipp-minket-med-7-prosent-i-2020/504130>

²⁰ <https://www.un.org/en/observances/environment-day>

²¹ https://naturvernforbundet.no/energi/fornybar_energi/norge-kan-bli-fossilfritt-i-2040-article39760-120.html

Konklusjon

Dei 500 millionar oljefata Equinor og Aker BP vil produsera og eksportera frå NOA, Krafla og Fulla, bør få verta liggande der dei er. Tilbaketrekking av lisensen vil vera eit passende første steg for å visa at oljenasjonen Noreg tek ansvar for å nå 1,5 gradersmålet.

Elektrifisering av olje- og gassplattformar på norsk sokkel er energikrevjande, dyrt og har etter alt å døma ingen positiv verknad for klimaet. Det er ikkje miljøteknologidrivande og medverkar til få nye arbeidsplassar. Det vil vera ei enorm investering i infrastruktur til ein industri som må fasast ut i tråd med klimamåla, og vil utløysa krav om nye naturøydeleggande vind- og vasskraftutbyggingar for å dekkja opp for krafta som vert sendt ut til plattformane. Om NOA / Krafla oljefelt vert realisert, frårådar Naturvernforbundet på det sterkaste elektrifisering med kraft frå land. Den fornyelege krafta må prioriterast til reell klimaomstilling.

På bakgrunn av denne konklusjonen kommenterer me heller ikkje traséalternativa. Det kjem me eventuelt tilbake til dersom det vert aktuelt.

Med venleg helsing

Naturvernforbundet Hordaland

Leiar Gabriel Fliflet

Fylkessekretær/sakshandsamar Synnøve Kvamme

Naturvernforbundet i Rogaland

Leiar Hallgeir H. Langeland

Dagleg leiar Erik Thoring